

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2014	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/2019	14/8873

### Kommuneplanen sin arealdel Meland kommune - 1. gongshøyring og offentleg ettersyn - uttale frå Radøy kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil komma med følgjande uttale:

Framlegg til arealdel av kommuneplan for Meland kommune ser ut til å vere eit solid dokument som støtter krav satt i plan- og bygningslova. Det er arbeidd systematisk med å finne gode arealstrategiar for bruk innafor alle viktige arealføremål. Langsiktig val av arealbruk er viktig og for naboane til Meland då heile Nordhordlandsregionen ofte vert sett under eitt.

Radøy kommune ynskjer Meland lukke til vidare med arbeidet med kommuneplan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Alle kommunar er pålagt å ha ein kommuneplan som seier noko om korleis kommunen skal utvikle seg, og eit arealplankart som viser korleis areala er tenkt nytta, dvs. kommuneplanen sin arealdel. Dette går fram av plan- og bygningslova § 11-5.

Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planomtale. I planomtalen skal det framgå korleis nasjonale mål og retningslinjer og overordna planer for arealbruk er teke i vare. Kommuneplanen sin arealdel er rettsleg bindande for kommunen si utvikling, utbygging og arealbruk no og i næraste framtid.

Planomtalen skal fortelje om planen sitt føremål, innhald og verknader, og kva for rammer og retningslinjer som gjeld for dei ulike delområda og utbyggingane.

Meland formannskap vedtok i sak 164/10 å starte arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Rammene for revisjonen, med hovudtema og opplegg for planprosessen, vart fastsett i planprogrammet. Dette planprogrammet vart godkjent av kommunestyret i sak 43/11. Sjølv kommunepalen (samfunnsdelen) er slutthandsama i kommunestyret i sak 33/2014. Kommuneplanen sin arealdel byggjer på denne.

I planen er det gjort strategiske val for Meland i framtida.

Meland er ein attraktiv kommunane å busetje seg i, og er inne i ei spanande endringstid. Det er kort avstand til omliggande kommunar, med dei tilbod og tilgang til arbeidsplassar dette medfører. I dag er Meland ein av dei næraste kommunane til Bergen som framleis har store naturkvalitetar, attraktive solrike utsiktstomter og landleg preg. Dette er lokale kvalitetar som har verdi også i regional samanheng, og er med på å forklare kvifor Meland er ein attraktiv kommune å flytte til eller etablere seg i.

Ved framtidsretta arealdisponering ønskjer kommunen å ta vare på desse verdiane. Naturmangfald, dyrkingsjord, reint vann, naturområde for rekreasjon, viktige kulturminne og kulturmiljø er verdier som skal overførast til kommande generasjonar. Samtidig er det klart at Meland som ein vekstkommune nær Bergen må leggje vekt på arealdisponeringar som stimulerer til folkevekst og næringsutvikling.

Kommunen ønskjer å ha ei medviten satsing på folkehelse. Folkehelsearbeidet omfattar alle område der folk bur, arbeider og lever liva sine. For å oppnå generell god folkehelse må ein arbeide for å skape gode oppvekst- og levekår. Eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking. I arealdisponeringa betyr dette mellom anna å legge vekt på grønstruktur, nære friluftsområde og trygge skuleveggar. Kommunen ønskjer ein utbyggingspolitikk som reduserer personbilbruken. Nye bustadområde er lokalisert slik at dei er bra for klimaet ved å liggje nær hovudveg, kollektivtilbod, senter og skule, på attraktive solrike plasser. Kommune ønskjer vekst i næringslivet og redusert utpendling. Meland kommune er ein del av ein region med stadig større felles bu- og arbeidsmarknad. Arbeidsplassveksten vil primært komme i tettstads-/byutviklingsområde. Aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik er eit slikt utviklingsområde. Det vil bli behov for både arealkrevjande og arealintensive næringsareal. Kommunen ønskjer å lokalisere nye næringsområde langs etablert infrastruktur, samstundes som at dei ikkje skal kome i konflikt med andre samfunns- eller miljøinteresser.

Meland har tidlegare hatt eit busettingsmønster med mange bygder og mindre grender. Dei siste 15 åra har dette endra seg, no er kommunen meir prega av større byggefelt som ikkje har direkte tilknytning til bygdene. Det er eit mål at bygdestrukturen i Meland skal takast vare på med mindre bustadområde eller spreidd bygging. Kommunen ønskjer å sikre at det fins attraktive tomter som hindrar fråflytting frå dei ytre delane av kommunen.

*Verdiar og målsetjingar definert i planen:*

*Livskvalitet i Meland*

*Berekraft i Meland*

*Næring i vekst*

*Aktiv i Meland*

- *Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet*
- *Vi skal ha ei berekraftig utvikling*
- *Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland*
- *Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer*

## **Arealstrategiar**

Meland kommune har definert arealstrategiar for alle viktige arealføremål.

Det er kome inn 130 innspel som omhandlar ny arealbruk, dei fleste er frå privatpersonar og handlar i hovudsak om nye bustadområde. Det er kome færre ønskje om nye område for fritidsbustader, næring og sjørelatert arealbruk.

## **Vurdering**

Rådmannen vurderer framlegg til arealdel for kommuneplan for meland kommune til å vere eit solid dokument som stetter krav satt i plan- og bygningslova. Det er arbeidd systematisk med å finne gode arealstrategiar for bruk innafor alle viktige arealføremål. Langsiktig val av arealbruk er viktig og for naboane til Meland då heile Nordhordlandsregionen ofte vert sett under eitt.

Meland kommune ynskjer vekst i folketal og det er i tråd med Radøy kommune sine ynskjer for utvikling av heile regionen.

## **Konklusjon**

Rådmannen legg fram innstilling om at ein gjev positiv tilbakemelding på eit fint planarbeid.

## **Formannskapet i Radøy - 059/2014**

### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

### **FS - vedtak:**

Radøy kommune vil koma med følgjande uttale:

Framlegg til arealdel av kommuneplan for Meland kommune ser ut til å vere eit solid dokument som stetter krav sett i plan- og bygningslova. Det er arbeidd systematisk med å finne gode arealstrategiar for bruk innafor alle viktige arealføremål. Langsiktig val av arealbruk er viktig og for naboane til Meland, då heile Nordhordlandsregionen ofte vert sett under eitt.

Radøy kommune ynskjer Meland lukke til vidare med arbeidet med kommuneplan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

## **Vedlegg:**

Høyring og offentleg ettersyn- kommuneplanen sin arealdel -Meland kommune

Konsekvensutgreiinger 04 06 2014

Arealplankart 04 06 2014

Føresegner 04 06 2014

Planskildring 04 06 2014

## Høyringsbrev arealplan Meland kommune